



*Hardanger / Voss  
kompetanseregion  
Vurderingsgruppa*

# VURDERINGSRAPPORT

## GJERNES SKULE



**27. – 30.OKTOBER 2008**



## 1 – Føreord

### **Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling**

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

### **Kven er vurderarar?**

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

### **Kva gjer vurderarane?**

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

### **Rapporten**

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



## 2 – Fakta om skulen

Gjernes skule er ein sentrumsnær grendaskule med 85 elevar fordelt på 7 trinn. Det er i alt 16 vaksne som har skulen som sin arbeidsplass. Skulen har skulefritidsordning.

Gjernes skule er bygd i 1964 og ber tydeleg preg av dette. Skulen har store, gode uteområde. Her er det også ein ballbinge som vert islagt om vinteren.

## 3 – Vurderingstema

Gjernes skule har bede om vurdering på følgjande tema: **Elevvurdering**

Dette er eit svært aktuelt tema då opplæringslova og kunnskapsløftet legg større vekt på vurdering og dokumentasjon enn det som har vore tidlegare.

## 4 – Kriterium / Kvalitetskrav

*Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine eigne planar.*

*Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.*

*Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.*

### Elevvurdering

KRITERIUM	TEIKN PÅ GOD PRAKSIS
Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none"><li>◆ leiinga tar initiativ til kunnskapsdeling/ metodedrøfting på tvers av teama</li><li>◆ skuledagen er organisert for tilpassa opplæring og<ul style="list-style-type: none"><li>ressursane kan utnyttast fleksibelt</li></ul></li><li>◆ lærarane har kompetanse i dei faga dei underviser i</li><li>◆ skulen har gode rutinar for informasjonsformidling</li><li>◆ lærarane på kvart team samarbeider om utforming av relevante, konkrete og målbare læringsmål</li><li>◆ skulen har ein plan for gjennomføring, vurdering og oppfølging av testar, kartleggingsprøvar og nasjonaleprøvar</li><li>◆ skulen har felles retningslinjer for vurdering og kva som skal dokumenterast av den enkelte elev si læring</li></ul>



	<ul style="list-style-type: none"><li>◆ leinga legg til rette for at lærarane kan gjennomføra faste utviklingssamtalar med elevane</li></ul>
Læraren gir fortløpande vurdering om korleis eleven ligg an i høve til læringsmål og sosial utvikling	<ul style="list-style-type: none"><li>◆ læraren fokuserer dagleg på læringsmåla</li><li>◆ læraren gir munnlig og/eller skriftleg tilbakemelding undervegs i læringsprosessen</li><li>◆ tilbakemeldingane er positive i forma og auker motivasjon for vidare læring</li><li>◆ tilbakemeldingane inneheld framlegg til forbetring</li><li>◆ læraren uttrykkjer faglege forventningar overfor eleven</li><li>◆ læraren innfører og ser at elevane bruker ulike læringsstrategiar</li><li>◆ lærarane gjennomfører hyppige utviklingssamtalar med fokus på læringsmål og fagleg utvikling</li><li>◆ læraren gir skriftleg sluttvurdering på nokre produkt</li></ul>
Eleven er involvert i vurdering av eige arbeid	<ul style="list-style-type: none"><li>◆ læringsmåla er relevante, konkrete og målbare</li><li>◆ eleven får tilpassa læringsmål</li><li>◆ eleven får av og til velja oppgåver, vanskegrad, arbeidsmengd og arbeidsmåte</li><li>◆ eleven får hjelp til å setja seg realistiske mål</li><li>◆ eleven får opplæring i å vurdere eige arbeid</li><li>◆ eleven får høve til eigenvurdering frå første trinn</li><li>◆ eleven kjenner eigne læringsmål og kriteria for måloppnåing</li><li>◆ eleven veit korleis han vert vurdert</li></ul>
Dei føresette er kjende med skulen sin vurderingskultur og får informasjon om korleis eleven ligg an i høve til kompetansemåla	<ul style="list-style-type: none"><li>◆ kvart år orienterer skulen dei føresette om kva organisasjonen legg i omgrepa læring, kunnskap og vurdering</li><li>◆ føresette kjenner læringsmåla og vert oppmoda om å bruka dei i lag med barnet sitt</li><li>◆ føresette får jamnleg informasjon om barnet si måloppnåing og sosiale utvikling</li><li>◆ føresette opplever samtalen på konferansetimen som nyttig og tenleg for barnet si vidare utvikling</li><li>◆ føresette opplever i møte med skulen at dei vert tatt på alvor og har reell medverknad</li><li>◆ føresette opplever at det er lett å ta kontakt</li></ul>



## 5 – Deltakarar i vurderinga

- Interne: Elevar, føresette, rektor, lærarar og assistentar
- Eksterne: Janne Brurok og Rannveig L. Alvsåker

Grunngjeving for val av informantar

Hensikta med å verta betre i elevvurdering er betre læring for elevane. Då er det viktig med eit nært og godt samarbeid heim - skule. Dei føresette kan støtta og hjelpa borna sine når dei kjenner skulen sin arbeidsmåte. Difor inviterer skulevurderarane klassekontaktane til møte. Assistentane på skulen har også ei viktig oppgåve. Sjølv om dei ikkje driv med elevvurdering, kan dei bidra med viktig informasjon i den eksterne skulevurderinga.

## 6 – Tidsbruk

*Det er avsett 1 veke til å vurdera ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar.*

*Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.*

### Tidsplan for vurdering på Gjernes skule veke 44, 2008

Veke - dag	TILTAK	ANSVAR
Sept. 2008	Skulen melder inn vurderingstema: Elevvurdering	Rektor
Tysdag 16.9.	Vurderarane møter rektor og ped.personale på skulen kl 14. Me går gjennom tidsplanen og gjer avtalar. Vurderarane får vekeplanar og anna relevant informasjon	Begge partar
Veke 41	Vurderarane lagar framlegg til glansbilete og sender rektor før kl 13!	Vurderarane
Veke 42	Rektor diskuterer framlegg til glansbilete med personalet og sender tilbakemelding til vurderarane på e-post	Rektor
Veke 43	Rektor sender ut informasjon til foreldre. Får "standardbrev" frå vurderarane	Rektor
	Vurderarane lagar kvar sine samtaleguidar	Vurderarane
	Rektor lagar tidsplan og set opp namnelister for dei ulike samtalanene. Rektor kallar inn til møte med klassekontaktar / FAU (månd.27. okt. kl	Rektor



	18 – 19)	
Veke 44	<b>Vurderingsveka</b>	
Måndag Kl 17.30	Vurderarane møter rektor på skulen Vurderarane fordeler oppgåver til foreldremøtet Foreldremøte kl 18 – 19 (FAU/klassekontaktar)	Alle
Tysdag	Vurderarane møter på skulen kl 08.15 Kort møte med rektor før observasjon og samtalar Arbeid med rapport	Vurderarane
Onsdag	Kort møte med rektor før observasjon og samtalar Arbeid med rapport	
Torsdag	Arbeid med rapport Møte med rektor	
Kl 14 - 15	Presentasjon av rapportframlegg Det er ynskjeleg at skuleeigar er representert Justering og ev. rettingar, overlevering av rapport i papir og digitalt format. Overlevering av evalueringsskjema	
Veke 45	Rapport med vedlegg vert sendt leiar i vurderingsgruppa for arkivering, den offisielle delen vert etter ei stund lagt ut på den regionale heimesida	Vurderarane
Veke 45	Skulen evaluerer vurderingsveka og sender svar innan ein månad til ein av vurderarane som vidare sender den til leiar i vurderingsgruppa, Aud Opheim Lygre	Rektor

## 7 – Metodar

*For å sikra god forankring og at alle røster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.*

*For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.*

*Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:*

### Dokument- og resultatanalyse

Skulen sendte vurderarane diverse relevante dokument, til dømes verksemdsplan, elevundersøkelsen og foreldreundersøkelsen samt arbeidsplanar for alle årstrinna.



#### Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i L-06, Opplæringslova med forskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse med små endringar.

#### Påstandskjema

I forkant av skulebesøket kunne vurderingsparet senda ut påstandskjema til nokre av partane i vurderinga. Men me valde ikkje å gjera det denne gongen. Gjernes skule er ikkje så stor, så me ser at me får god tid til samtale med t.d. pedagogar og elevar.

#### Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og pedagogar.

#### Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med FAU/klassekontaktane.

#### Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor dannar grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin nosituasjon og for vidare arbeid.

#### Observasjon

Me observerte på alle årstrinn.



## **8 – Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet**

### **Kontakten med heimen**

- Føresette opplever i møte med skulen at dei vert tatt på alvor og har reell medverknad
- Føresette opplever at det er lett å ta kontakt mellom skule og heim utanom faste møte

Forskrift til opplæringslova seier at skulen skal halda god kontakt med dei føresette. Det ser ut til at Gjernes skule lukkast med dette. På møte med FAU vart det uttalt at det er "enkelt å ta kontakt", "lærarane har god kommunikasjon med foreldra", "god og open kontakt".

Opplæringslova seier også at foreldresamtalen skal munne ut i ei oppsummering, mellom anna med sikta på å bli einige om kva det særskilt skal leggjast vekt på i det vidare arbeidet. Dette har fleire kontaktlærarar gjennomført i haust. På foreldresamtalen skreiv alle tre partar under på ein kontrakt som sa kva eleven er god på og forbedringspotensiale. Elev, føresett og lærar er likeverdige partar i desse samtalane. Når ein kontrakt vert skriven i oktober, vert det lenge å vente t til neste foreldresamtale. Det kan vera lurt at skulen lagar seg rutinar for tilbakemelding undervegs. Eit enkelt månadsskjema kan vera døme på slik tilbakemelding.

### **Læringsstrategiar**

- Læraren innfører og ser at elevane bruker ulike læringsstrategiar
- Tilbakemeldingane inneheld framlegg til forbedring
- Læraren gir skriftleg sluttvurdering på nokre produkt

Læringsstrategiar er framgangsmåtar elevane bruker for å organisere si eiga læring. Det er tydeleg at elevane på skulen er kjende med mange ulike læringsstrategiar. I samtale med elevane kunne dei ramse opp strategiar som dei brukte i skulearbeidet. Lærarane seier at dei har arbeidd bevisst med å innføra læringsstrategiar og å bruka dei i alle fag og i heimearbeid. Me såg på vekeplanen til 5. årssteg at dei skulle bruke ein læringsstrategi i lekselesinga. I fleire rom fann me oversikt på vegg over lese- og læringsstrategiar. I rommet til 7. trinn var det i tillegg ei oppskrift på kvar strategi. Dette er truleg til god hjelp for elevane.



## **Fokus på læring**

- Læraren uttrykkjer faglege forventningar overfor eleven
- Læraren fokuserer dagleg på læring(småla)

Me er imponerte over roen i alle gruppene og kor raskt gruppene kom i gang med fagleg arbeid! Utan ein lyd henta elevane utstyr og bøker i hyller og sekker. Det var tydleg godt innarbeidde rutinar. Det er gjennomgåande svært lågt støynivå på skulen. Inne i klasseromma brukte elevane og dei vaksne låg kviskrestemme i arbeidsøktene.

I stortingsmeldinga *Kvalitet i skolen* vert det ropt eit varsku om tidstjuvar som tar fokus vekk frå læring. Dette gjeld ikkje Gjernes skule.

- Læringsmåla er relevante, konkrete og målbare

Me har sett nokre vekeplanar med slike mål, td i naturfag: -kunne namnet på ein fugl og eit pattedyr som er freda i Noreg, –kunne forklara ordet nasjonalpark Dette viser at skulen er i gang med læringsmål og saman har dei kompetane til å vidareutvikla dette. Me fekk også vite gjennom samtale med lærarar og elevar at i nokre læreverk er det tydelege læringsmål som dei brukar.

Skal måla vera ein god reiskap for læring og vurdering må dei kommuniserast dagleg.

## **9 – Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet**

### **Skulen er ein lærande organisasjon**

- Leiinga tar initiativ til kunnskapsdeling/metodedrøfting på tvers av tema

I ein lærande organisasjon er det viktig at det vert lagt til rette for kunnskapsdeling og erfaringsutveksling. Leiinga må laga rom og rutinar slik at personalet på tvers av tema kan drøfta og reflektera over eigen praksis. Det kan vera nyttig å ta opp tema som ulike undervisningsmetodar, tilpassa opplæring og konstruktivt samarbeid med assistent.

- Skulen har ein plan for gjennomføring, vurdering og oppfølging av testar, kartleggingsprøvar og nasjonale prøvar



- Skulen har felles retningslinjer for vurdering og kva som skal dokumenterast av den enkelte elev si læring

I dag er det fleire obligatoriske testar og kartleggingsprøvar. Desse har liten verdi om dei ikkje vert fylgt opp. Stundom må lærar samarbeide tett med spesialpedagog/logoped. Dersom det er rutinar for eit slik samarbeid, får desse prøvane ei meining. Målet er heile tida å leggja til rette for læring. Heimen skal verta kjend med resultatet av kartleggingsprøvar. Dersom det viser seg at eleven er under kritisk grense, bør føresette verta kalla inn til møte saman med lærar og spesialpedagog. Saman kan dei drøfta vidare arbeid.

### **Læraren gir fortløpande vurdering om korleis eleven ligg an i høve til læringsmål og sosial utvikling**

- Læraren fokuserer dagleg på læringsmåla
- Læringsmåla er relevante, konkrete og målbare
- Eleven kjenner eigne læringsmål og kriteria for måloppnåing

Utan tydelege mål er det vanskeleg å fylgja med på elevane si utvikling. Klare læringsmål gjer det enklare for læraren å justera kursen undervegs dersom dei ser at eleven ikkje når måla.

Alle elevar skal ha mål å strekkje seg etter. I samtale med elevane kjem det fram at det er lite fokus på læringsmål i timane. Formulering og bruk av læringsmål er eit utviklingsområde. Elevane må ha klart for seg kva læringsmål dei jobbar med til ei kvar tid. Med klare mål for opplæring vert det også lettare for dei føresette å vite kva dei skal forvente at borna deira skal læra og når dei skal læra det. Med tydelege mål kan skulen forventa ei bestemt oppfylgning frå heimen. Dei føresette seier at læringsmåla er vage og lite konkrete. Dei ynskjer seg tydelegare læringsmål.

Forskrift til opplæringslova, Kapittel 3, § 3-4 seier at eleven skal ha ei beskrivande vurdering av korleis han står i forhold til kompetanesmåla i faga. Det skal kunne dokumenterast at ei slik vurdering vert gjeve. Me oppmodar lærarane til å hjelpe kvarandre på teama til å utforma målbare og konkrete læringsmål.

### **Utviklingssamtalen**

- Læraren gjennomfører hyppige utviklingssamtalar med fokus på læringsmål og fagleg utvikling
- Tilbakemeldingane er positive i forma og aukar motivasjon for vidare læring

Utviklingssamtalen er ein nyttig reiskap for å oppfylla intensjonen i forskrift til opplæringslova der det står: "Det skal leggjast vekt på å gi god tilbakemelding og



rettleiing til elevane . Det skal også leggjast til rette for at elevane kan gjera god eigenvurdering.”

Våre samtalar kan tyda på at elevane har lite eller inga opplæring i å driva med eigenvurdering. Utviklingssamtalen kan verta ein viktig arena der eleven kan vurdere seg sjølv saman med lærar. For mange elevar kan det truleg vera godt å få ei kort økt med full merksemd frå læraren. Lærarane påpeikte sjølve at det var lett å oversjå rolege elevar når det er andre som krev stor merksemd i gruppa. Ein dyktig lærar gjev tilbakemeldingar om kva eleven faktisk meistrar og kan, og ikkje det han ikkje får til. Tilbakemeldingar med konkret hjelp til forbetring aukar motivasjonen hos dei fleste elevane.

- Leinga legg til rette for at lærarane kan gjennomføra faste utviklingssamtalar med elevane

Skal utviklingssamtalen gje resultat, er det viktig at dei ikkje vert tilfeldige, men vert ein av skulen sine faste rutinar og helst timeplanlagt. Lærarane på skulen er tydelege på at dei ynskjer å få til utviklingssamtalar, men dei har ikkje funne gode løysingar enno.

Under observasjonen på skulen ser me at i små, rolege grupper kan ein få til korte og effektive utviklingssamtalar med fokus på fag. Her kan lærarane på Gjernes skule hausta fruktene av tydeleg og god klasseleiing over lengre tid! Det kan også vera nyttig å sjå på ulike måtar å organisera undervisninga på. Dersom de er så heldige å ha assistent eller er to lærarar i klassen, kan stasjonsundervisning vera ein god måte å nytta ressursane på. Då kan den lærarstyrte stasjonen ivareta gjennomføring av utviklingssamtalen.

## 10 – Vidare arbeid

Me har møtt eit personale som er i gang med vurderingsarbeidet og som viser stor vilje til å utvikla seg og koma vidare. Det er det beste utgangspunktet for å få til resultat. Start i det små og gje kvarandre rom å prøva og feila. Lukke til!

*6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.*

Gjernes skule 30.10.2008

Rannveig L. Alvsåker  
Vurderar

Janne Brurok  
Vurderar



***Hardanger / Voss kompetanseregion***  
*Vurderingsgruppa*



Vedlegg 1

## Samtaleguide 1. – 4. trinn, Gjernes skule

1.	Sei noko som er bra med Gjernes skule!
2.	Kva får du godt til på skulen?
3.	Korleis må du arbeida på skulen for at du og læraren din skal verta godt fornøgd?
4.	Sei noko du må øva meir på / arbeida meir med?
5.	Kva tenkjer du på når du høyrer ordet læringsmål?
6.	Sei noko som du skulle ønskje var annleis viss du kunne bestemma på skulen

### Vedlegg 2

## Samtaleguide 5. – 7.trinn, Gjernes skule

1.	Sei noko som er bra med Gjernes skule!
2.	Kva er eit læringsmål?
3.	Korleis bruker du læringsmåla?
4.	Sei noko om lærarane sine forventningar til deg når du arbeider.
5.	Korleis vert du motivert for å læra meir?
6.	Nemn nokre læringsstrategiar du og gruppa di bruker.
7.	Kva tid kan du velja oppgåver, vanskegrad og arbeidsmåte?



8.	Korleis er du med og vurderer ditt eige arbeid?
9.	Fortel korleis elevsamtalen føregår.
10.	Fortel korleis foreldresamtalen / konferansetimen føregår.

### Vedlegg 3

#### SAMTALEGUIDE FOR ASSISTENTAR

KRITERIUM	SPØRSMÅL OG INNSPEL
Skulen er ein lærande organisasjon	1. Korleis fungerer samarbeidet om den einskilde eleven? (lærer, assistent, heim)
	2. Kva tankar har du om ansvarsgruppemøte, rapportar, fellesmøte og fagleg utvikling?
	3. Korleis brukar du eleven sine læringsmål i arbeidet ditt?
	4. Har du tankar og idear om korleis elevvurderinga kan verta betre?

### Vedlegg 4

#### SAMTALEGUIDE FOR PEDAGOGISK PERSONALE

KRITERIUM	SPØRSMÅL OG INNSPEL
Skulen er ein lærande organisasjon.	1. Korleis fungerer kunnskapsdeling og metodedrøfting på Gjernes skule?
	2. Korleis arbeider de med utforming av læringsmål?
	3. Korleis vert det lagt til rette for å gjennomføra utviklingssamtalar med elevane?
Læraren gir fortløpande	4. Korleis brukar du læringsmåla?



vurdering om korleis eleven ligg an i høve til læringsmål og sosial utvikling.	<b>5. Sei noko om korleis du gjev tilbakemelding til eleven.</b>
	<b>6. Korleis gjennomfører du utviklingssamtalen? (tid, kor ofte, mal, innhald, sos. el fagleg fokus))</b>
Eleven er involvert i vurdering av eige arbeid.	<b>7. Kva gjer du for at eleven kan få velja oppgåver, vanskegrad og arbeidsmåte?</b>
	<b>8. Korleis legg du til rette for at eleven kan vurdere eige arbeid?</b>
	<b>9. Korleis gjev du informasjon til heimen om eleven si måloppnåing og sosiale utvikling?</b>

## Vedlegg 5

### SAMTALEGUIDE FOR FORELDRE

<b>KRITERIUM</b>	<b>SPØRSMÅL OG INNSPEL</b>
Dei føresette er kjende med skulen sin vurderingskultur og får informasjon om korleis eleven ligg an i høve til kompetansemåla.	<b>1. Nemn noko som er positivt med Gjernes skule.</b>
	<b>2. Korleis brukar de læringsmåla som borna har?</b>
	<b>3. Korleis får de informasjon om barnet si måloppnåing og sosiale utvikling?</b>
	<b>4. Korleis vert foreldresamtalen gjennomført og kva vert tatt opp der?</b>
	<b>5. Korleis opplever de kontakten og møte med skulen? Kom med framlegg til forbetring.</b>
	<b>6. Nemn to punkt der de meiner Gjernes skule kan verta betre. Sei korleis de ynskjer å ha det.</b>



***Hardanger / Voss kompetanseregion***  
*Vurderingsgruppa*